ALVER
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

KOPI

Sommerro Panorama AS
Osterfjordvegen 124
5914 ISDALSTØ

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Eilin Houlison Molvik | 27.08.2020 |
| Vår: 20/14731 - 20/52767 | eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no | |

# Forlenga mellombels bruksløyve byggetrinn 2 felles teknisk infrastruktur - gbnr 137/66 Alver

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 859/20** |
| **Tiltakshavar:** | Sommerro Panorama AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Haugen Vva AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve |

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve ei forlenging av mellombels bruksløyve for felles tekninsk infrastruktur (byggetrinn 2) godkjent i administrativt vedkta saknr. 266/18 datert 29.05.18 på eigedom gbnr. 137/66. Forlenging av mellombels bruksløyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

1. **Vilkår gjeve i vedtak datert 29.05.2018 gjeld for tiltaket.**
2. **Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: Heile**
3. **Ferdigattest skal liggje føre innan 15.10.2020.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i historisk sak 18/1501 i tidlegare Lindås kommune, Ettrinnsløyve datert 29.05.2018 og mellombels bruksløyve datert 21.11.2019.

Ved ein feil har saka blitt liggjande hjå ei anna avdeling. Vi seier oss leie for at vi ikkje har handsama dykkar søknad om mellombels bruksløyve ved tidlegara høve.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Toppdekke veg o_V3 m/fortau pr. 280 -305.

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no
Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

KOPI

Forlenging av mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 15.10.2020

Det vert elles vist til søknad motteken 05.05.2020.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut ei forlening av mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Kubbaleitet 40 |
| Bygningstiltak: | • veg o_V3 profil 160-285 inkl. fortau<br>• veg f_V6<br>• veg f_V7 profil 0-5, inkl. planering for ny nettstasjon o_TB2 og oppstillingsplass renovasjon f_R1<br>• felles parkeringsplass f_P1 m/gangveg<br>• VA-trase kum O10-S14 i veg o_V3, S11-S32 i veg f_V6 og S14-S27 i parkeringsplass f_P1<br>• f_TB1 Ny pumpestasjon P1 med overbygg. Naudoverløpsleidning frå pumpestasjon leggjast fram til utløp i sjø.<br>• Stikkleidningar til tomtar<br>• System for overvasshandtering i vegar (kummar og røyr) |
| Vatn og avløp: | Offentleg |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**
- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal

det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.
Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/14731

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Marianne Aadland Sandvik<br>Avdelingsleiar | Eilin Houlison Molvik<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Haugen Vva AS | Kanalveien 5 | 5068 | BERGEN |
| Sommerro Panorama AS | Osterfjordvegen 124 | 5914 | ISDALSTØ |
| Sommerro Panorama AS | Osterfjordvegen 124 | 5914 | ISDALSTØ |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Haugen Vva AS | Kanalveien 5 | 5068 | BERGEN |

KOPI